



Seljord kommune
Næring og utvikling

Arkivkode: S10
Sakshand.: Jørn Ingar Sanda
Dir.tlf.: 35065151
Vår ref.: 2012/930 - 13
Dato: 04.11.2013

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår- Sundsbarmreguleringa, samt regulering av Seljordsvatnet.

Seljord, Kviteseid og Tokke kommunar krev på vegne av allmenheten at det vert gjennomført revisjon av konsesjonsvilkår knytt til følgjande konsesjonar i Seljordvassdraget:

1. *"Tillatelse for Sundsbarm Kraftverk til å foreta regulering og overføring i Flatdalsvassdraget, Morgedalsvassdraget og Dalaåi (Oftevassdraget) i Telemark fylke. Meddelt ved kongelig resolusjon 5. juli 1963."*
2. *"Manøvreringsreglement for Bø kommunes regulering av Seljordvatn. Fastsatt ved Ministerpresidentens vedtak 19. mai 1944."*


Kommune sine krav og grunngjeving for krava gjeng fram av Faun rapport 039-2013, datert 10.10.2013 som er vedlagt dette brevet.

Med venleg helsing

Jørn Ingar Sanda
Landbruk- og miljøsjef

Vedlegg:

1. Faunrapport 039-2013. Krav om opning av revisjonssak for Sundsbarm Kraftverk.
2. Vedtak- Kommunestyret si sak 55/13 i Seljord kommune.
3. Vedtak- Kommunestyret si sak 27/13 i Kviteseid kommune.
4. Vedtak- Kommunestyret si sak 13/36 i Tokke kommune.



Krav om opning av revisjonssak for Sundsborn kraftverk

Helge Kiland

Føreord

Faun Naturforvaltning har vore engasjert til å vurdere vilkåra for krav om opning av revisjonssak for Sundsbarmreguleringa og lage ein rapport som vedlegg til sak i kommunestyret. Under arbeidet med revisjonssaka har ein hatt god hjelp av ei styringsgruppe med Torunn Raftevoll Rue og Magne Skarprud frå Kviteseid kommune, Olav Bjørn Bakken frå Tokke kommune, Jørn Ingar Sanda frå Seljord kommune og prosjektleiar i Midtre Telemark vassområde Anita Cecilie Kirkevold. Jørn Ingar Sanda har vore leiar av gruppa. Kommunane har valt å bruke Seljord kommune som representant for oppdragsgjevar.

Under arbeidet med revisjonssaka har eg hatt god nytte av kontakten med konsesjonæren Sundsbarm Kraft ved Magne Wraa og Øystein Kildal. For revisjonssaka er det viktig at folk fremjar krav og synspunkt. Knut Nordskog i Morgedal har vore mykje engasjert i saka og har invitert til særskilt synfaring og orientering om situasjonen for vassdraget.

Fyresdal den 10.10.2013



Helge Kiland

Framsida: Vallaråi. Foto Helge Kiland

Faun rapport 039-2013:

Tittel:	Krav om opning av revisjonssak for Sundsbarm kraftverk
Forfatar:	Helge Kiland
Tilgang:	Fri tilgang
Oppdragsgjevar:	Seljord kommune
Prosjektleder:	Helge Kiland
Prosjektstart:	1.2.2013
Prosjektslutt:	1.11.2013
Emneord:	Vasskraft. Konesjonsvilkår. Møte, høyringar og krav.
Samandrag:	Norsk
Dato:	10.10.2013
Tal sider:	27 med vedlegg

Kontaktopplysningar Faun Naturforvaltning AS:

Post:	Fyresdal Næringshage 3870 FYRESDAL
Internett:	www.fnat.no
E-post:	post@fnat.no
Telefon:	35 06 77 00
Telefaks:	35 06 77 09

Kontaktopplysningar forfatar:

Navn:	Helge Kiland
E-post:	hk@fnat.no
Telefon:	35 06 77 03
Telefaks:	35 06 77 09

Innhald

1 Innleiing	4
2 Konesjonen.....	5
3 Rettsleg grunnlag	7
4 Aktuelle krav.....	8
4.1 Økonomiske krav	8
4.2 Ferdsl	8
4.3 Skjer og grunnar.....	9
4.4 Båthus og båtplassar	9
4.5 Landskap, rydding med vidare.....	9
4.6 Fisk.....	9
4.7 Vallaråi.....	10
4.8 Dalaneåi	11
4.9 Morgedalsåi.....	12
4.11 Ofteåi.....	13
4.12 Seljordsvatn.....	13
4.13 Sundsbarm.....	14
4.14 Manndalsåi og Åmotsdalsåi/Flatdalsåi	14
4.14 Kivleåi.....	14
Vedlegg 1. Innkomne uttalar, innspel og merknader. Oppsummering.....	15
Vedlegg 2. Konesjon for Sundsbarm kraftverk.....	20
Vedlegg 3. Manøvreringsreglement for Seljordsvatn.....	27

1 Innleiing

Etter vassdragsreguleringslova § 10 er det høve til å krevje revisjon av konsesjonsvilkår etter 50 år. Konsesjonen for Sundsbarm blei gitt 5.7.1963 og for regulering av Seljordsvatn 19.5.1944. Det er NVE som vedtek om det skal opnast revisjonssak. Tokke, Seljord og Kviteseid kommunar har samarbeidd om utarbeiding av krav om å opne revisjon. Seljord kommune har hatt prosjektansvaret, medan Faun Naturforvaltning har vore engasjert som fagleg hjelp og har hatt prosjektleiinga. Advokatfirmaet Lund og Co har vore engasjert til å gjennomføre juridisk vurdering knytt til konsesjonsveg.

Det har i februar vore arrangert grendemøte i Høydalsmo, Morgedal, Seljord og Langlim. I tillegg har det kome innspel i etterkant av møta. Styringsgruppa har også hatt 2 møte med Sundsbarm kraftverk. Kviteseid kommunestyre vedtok i møte 2.5. 2013 å krevje opning av revisjonssak, men ville samkøyre kravet med Seljord kommune. Tokke kommune godkjende 14. mai at det blir sendt krav om opning av revisjonssak.

Vassdraget høyrer til Midtre Telemark vassområde og Vest-Viken vassregion. Vassregionen vil i 2015 legge fram framlegg til forvaltningsplan med tiltaksprogram som skal gjelde for perioden 2016 – 2021. Målet er at alle vassførekomstar skal nå minst god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Men fordi fleire av vassførekomstane er sterkt påverka av kraftutbygging er det for slike vassførekomstar gitt høve til unntak frå det generelle miljømålet. I staden for god økologisk tilstand vil målet her vera godt økologisk potensial, som er det beste ein kan oppnå dersom vassdraget framleis skal vera regulert og nytta til kraftproduksjon.

Forvaltningsplanen byggjer på tiltaksanalyse frå dei enkelte vassområda. Tiltaksanalysen for Midtre Telemark vassområde er under utarbeiding og eit utkast skal ligge føre før jul 2013. I tiltaksanalysen skal alle vassførekomstar med risiko for ikkje å nå miljømåla vera med. Det viktigaste tiltaket i regulerte vassførekomstar vil ofte vera revisjon av konsesjonsvilkår. Prosjektleiaren for vassområdet har vore med i styringsgruppa, og arbeidet med opning av revisjonssak har vore samkøyrte med tiltaksanalysen for vassområdet.

2 Konsesjonen

Retningslinene for revisjon av vasskraftkonsesjonar gjev høve til å sjå fleire konsesjonar under eitt. I Seljordsvassdraget (vassdragsnummer 016.CZ) er det to reguleringskonsesjonar:

- Regulering og overføring i Flatdalsvassdraget, Morgedalsvassdraget og Dalaåi (Oftevassdraget) i Telemark fylke, Kgl. Res. 5.7.1963.
- Regulering av Seljordsvatn, Ministerpresidentens vedtak 19.5.1944.

Sundsbarv kraftverk produserer i gjennomsnitt 368 GWh pr år og nyttar fallet mellom Sundsbarv og Seljordsvatn. Reguleringa omfattar magasinane Sandsetvatn (reguleringshøgde 6 m), Ljosdalsvatn (5 m), Sundsbarv (38 m) og Seljordsvatn (1 m). Ein stor del av nedbørfeltet til Morgedalsåi og Dalaåi er overført til Sundsbarv gjennom Nystølmagasinet. Øvre del av Flatdalsvassdraget er også overført til Sundsbarv.

I ei prioriteringsliste frå NVE¹ er revisjon av konsesjonsvilkåra i Seljordsvassdraget plassert i kategori 1.1, som er høg prioritet. Fisk og fiske blir rekna som det viktigaste temaet, med størst vekt på Vallaråi og nedre del av Dalaåi. Morgedalsåi er ikkje spesielt nemnt, sjølv om det her er store problem med attgroing i vassdraget.




Figur 1. Morgedalsåi 4.7.2013. Foto Helge Kiland.

¹ NVE 2013. Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 20122. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering. NVE rapport 49/2013

Sundsborn kraftverk

26. november 2007



Figur 2. Sundsbarm kraftverk, med magasin, dammar, tersklar og overføringer. Frå Skagerak Kraft.

3 Rettsleg grunnlag

Vassdragsreguleringslova 14.12.1917 § 10, som for evigvarande konsesjonar gjev høve til å krevje at konsesjonsvilkåra blir revidert etter 50 år. Krav om revisjon kan reisast før det formelle revisjonstidspunktet, og har elles ingen tidsfrist. Kravet kan stillast av ålmenta, som regel ved lag og foreiningar eller av kommunane. Det er naturleg at kommunane tek på seg å representere dei ålmenne interessene og stå for ein prosess for å få samla og presentert desse interessene.

Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar (OED 2012) definerer kva som høyrer med i ei revisjonssak og kva som ikkje gjer det. Normalt vil tiltak pålagt i skjønn bli rekna som privatrettslege og ikkje høyre inn under ein vilkårsrevisjon. Men ofte er minstevassføring ikkje nemnt i sjølve konsesjonen men overlate til skjønnsålegg. Dette vedkjem derfor også ålmenne interesser.

Det finst ingen skarp definisjon på kva som er ålmenne interesser, men omfanget må tolkast vidt². Dei ålmenne interessene kan også vera så små at dei bare gjeld nokre få private interessantar eller at dei private interessene er av så altomfattande karakter at dei må reknast som ålmenne³. Privatrettslege interesser som erstatning for tapt fiske, tapt areal osv skal vera oppgjort gjennom rettslege skjønn. Det er heller ikkje høve til å forhandle om høgaste og lågaste reguleringsvasstand, som blir rekna som grunnlaget for konsesjonen og som derfor skal ligge fast.

Reglar om minstevassføring og manøvrering av reguleringsmagasin er derimot ofte viktige tema under ei revisjonssak. Oppheving av forsyningsplikta, utbygging av overføringsnett til utlandet og endra marknadstilhøve for elektrisk kraft har ført til at mange kraftverk blir bruka på ein annan måte enn før, da det var lagt meir vekt på produksjon av vinterkraft. Dette har gitt nye utfordringar for miljø og andre brukarinteresser. Nye konsesjonsvilkår bør ta høgde for slike endringar. I følgje vassressurslova frå år 2000, som nesten alle nye utbyggingar skjer etter i dag, skal det vera att ei minstevassføring tilsvarande minst alminneleg lågvassføring. Mange vil hevde at det ved ei modernisering av konsesjonsvilkår vil vera naturleg å skjele til reglane i vassressurslova, som er ei meir moderne lov.

Mål frå Forvaltningsplanen etter Vassforskrifta skal gje føringar for sektormyndighetane, mellom dei også NVE og revisjon av konsesjonsvilkår. Tilhøvet mellom krav og mål i dei regionale vassforvaltningsplanane og revisjonsinstituttet i vassdragsreguleringslova er for tida til vurdering i EFTA/EØS avtala sitt kontrollorgan ESA.

² Ot.prp. 39 (1998-99) s. 104

³ Allmenne interesser i vassdragsretten, kandidat nr 339, UiO, rettleiar Thor Falkanger

4 Aktuelle krav

4.1 Økonomiske krav

I Vassdragsreguleringslova § 12 nr 17 heiter det at "Det er adgang til i konsesjonen å oppstille ytterligere betingelser, herunder pålegg om opprettelse av næringsfond for den enkelte kommune når dette i det enkelte tilfelle finnes påkrevd av allmenne hensyn". Det er ikkje noko i lovgjevinga som hindrar pålegg om økonomiske vilkår i ei revisjonssak. Men etter dei signala som er gitt mellom anna i svar frå NVE til Skjåk kommune 21.2.2002 med avslag på søknad om opning av revisjonssak for Raudals- og Breidalsreguleringa synes krav om næringsfond likevel å vera noko mindre aktuelt. Derimot er det i revisjonssakene for Vinstra og Tesse gitt pålegg om eit fond for å avbøte skader for fiske og friluftsliv.

I følgje Ot.prp. nr 50 (1991-92) s. 114 er behovet for oppjustering av årlege konsesjonsavgifter og anna ivareteke av lov av 3. juni 1983 nr 51, jamfør også lov av 17. juni 1987 nr 62 (om endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova).

Kommunane krev at det blir oppretta eit fond som skal nyttast til avbøtande tiltak til fordel for fiske, miljø og friluftsliv. Fondet må fordelast til kvar kommune og skal mellom anna vera ein kompensasjon for at det som følgje av reguleringa er spreidd nye og uønskte fiskeartar i vassdraget.

4.2 Ferdsl

I konsesjonen for Sundsbarm er vegen langs austsida av vatnet (Millionvegen) spesielt nemnt, saman med Gullnesvegen. Sundsbarm betalar veglaget for bruk av Millionvegen. Sundsbarm brukar også Sandsetvegen til tilsyn med dammen i Sandsetvatn. Vegen er i privat eige og der er ikkje veglag. Brukarar av vegen har kravd at kraftverket syter for utskifting av stikkrenner og andre utbetringstiltak etter flaumskade, og at Sundsbarm for framtida bidreg med halvparten av vedlikehaldsutgiftene.

Vassdragskjønnet påla kraftverket å bygge og halde ved like vegar for transport av tømmer. Ordninga galdt for periodar av gongen og kunne krevjast revidert ved enden av kvar periode. Fleirtalet i lagmannsretten heldt fast ved vedlikehaldskravet, men kraftverket anka det til høgsterett som visa til at vegane var eit mellombels tiltak som kompensasjon for tapt fløting. Eit mellombels tiltak kan ikkje krevjast oppretthalde når grunnlaget for skaden er borte⁴.

Veg som konsesjonæren har bygd ut frå eige behov blir rekna som anleggsveg. Den skal vera open for ålmenta, eventuelt mot betaling av avgift. Vegen kan leggest ned dersom ikkje konsesjonæren lenger har bruk for han. Seljord kommune har fått ei juridisk vurdering av kravet om at Sundsbarm Kraft skal ta ansvar for vedlikehald og oppgradering av skogsbilvegen Sanden – Mandal. Vurderinga konkluderer med at så lenge vegen ikkje er open for ålmenta er ikkje dette noko tema i ei revisjonssak⁵.

⁴ Sivil sak 2002/115 vassdragsreguleringskjønn, anke etter vassdragsreguleringslova § 19, 19.2.2003

⁵ Larsen, T. 2013. Veger og revisjon – Sundsbarm kraftverk. Notat frå Advokatfirmaet Lund og Co 20.8.2013

Stigar og vegar som tidlegare har vore opne for ålmenta og som er blitt neddemde må erstattast av nye alternativ. Det gjeld særleg vestsida av Sandsetvatnet og langs delar av Sundsbarm.

Gamle treklopper i myrane på vestsida av Sandsetvatn må fornyast og forbeholdt. Det må leggast betre til rette for at ein skal kunne ta seg ned til og ferdast langs Sundsbarm, til fots.

4.3 Skjer og grunnar

Skjer og grunnar utgjør ein fare for bruken av båt i Sundsbarm, og det er krav om at slike skjer blir merkte med godt synlege bøyer. I Songamagasinet er Statkraft viljug til å merke skjer og grunnar langs ei nærare definert båtlei. Sundsbarm har ingen tilsvarande funksjon. Trafikken er derfor meir vilkårleg.

Ein har ei viss forståing for at kraftverket ikkje ønskjer å ta på seg noko ansvar for å ha avmerkt alle skjer og grunnar, og meiner derfor at det i staden må lagast eit djubdekart/draft for vatnet.

4.4 Båthus og båtplassar

I Sundsbarm er det bygd båthus ved utlaupet og i sørenden av vatnet (Sanden). Nokre av båtplassane er det vanskeleg å kome til, og dei innretningane som er laga for å få båtane opp og ned til LRV er tungvinte og vanskelege å bruke. Det er også vanskeleg å kome til og rygge ned med bil og hengar.

Det må lagast veg ned til LRV ved utlaupet og i sørenden av vatnet. Vegane må ha betongdekke og vera slik at også meir urutinerte kan bruke dei. Slike båtutsett skal vera opne for ålmenta.

4.5 Landskap, rydding med vidare

Konsesjonæren er pålagt å halde vassvegar opne i tilfelle flaum. Konsesjonæren skal vidare ha opplegg for internkontroll og miljøtilsyn⁶. Det skal vidare takast omsyn til krava i vassressurslova § 11 om kantvegetasjon og § 37 om å halde vassdragstiltak i forsvarleg stand.

Det er registrert store mengder drivved, røter og anna som har losna frå reguleringssona og som flyt omkring i Sundsbarmmagasinet. Konsesjonæren må med jamne mellomrom/etter behov rydde opp og fjerne dette. I elvelaup må vegetasjon fjernast ved mekanisk rydding og kvist og greiner må transporterast vekk. Det må skje som del av eit jamt årleg vedlikehald i samsvar med godkjent plan.

4.6 Fisk

Med overføring av Morgedalsvassdraget har det kome tryte, stingsild og ørekyt i Sundsbarm. Det er meldt om fisk som kjem seg igjennom inntaksrista til kraftverket og som hamnar i turbinane.

⁶ Hammarsland, A. (red) 2005. Miljøtilsyn ved vassdragstiltak. NVE rettleiar.

Kommunane krev eit fond som kommunane kan nytte som tilskot til tiltak for å redusere skadane på grunn av nye fiskeartar og til å skape nye vilkår for sportsfiske. Faren for at fisk kan sleppe igjennom inntaket til Sundsbarm kraftverk må reduserast.

4.7 Vallaråi

Med kanaliseringa er Vallaråi sterkt redusert som gyte og oppvekstområde for storaure i Seljordsvatnet. Etter reguleringa har også oppgangen av sik på nedre del av elva blitt borte. Auka effektregulering fører til hyppigare episodar med brå temperaturendringar i elva nedanfor kraftstasjonen. Noko som er uheldig både for fiskeungar og for fiskens næringsdyr. Vanleg middelvassføring vinterstid er 20 - 25 m³/s. Om sommaren fører effektkjøring til at vassføringa varierer mellom 3 og 30 m³/s. Slukeevna i kraftverket er maksimalt 26 m³/s.

Sundsbarm kraft engasjerte i 2008 Høgskulen i Telemark til å utføre biologiske undersøkingar og kome med framlegg til tiltak. Gyteaktiviteten til storaure blei undersøkt over 3 år. I tillegg blei tettleik og vekst av aureungar undersøkt. Det blei også gjort temperaturmålingar og ei nøyare kartlegging av elva som leveområde for fisk⁷. Undersøkingane viste at:

- Vallaråi blir brukt av ein storaurebestand på 50 – 100 individ
- Det er moderat men varierende tettleik av aureungar
- Aureungane har moderat vekst, sannsynlegvis pga kaldt vatn frå Sundsbarm og konkurranse frå ørekyt
- Effektkjøring kan føre til stranding og redusert overleving for aureungar


Høgskulen i Telemark har seinare følgd opp resultatet av undersøkingane med framlegg til fysiske tiltak i elvelaupet⁸. Dei konsentrerte seg om den kanaliserte delen av elva, ein strekning på ca 900 m. Viktige føresetnader var at ein skulle unngå tiltak som kunne skape problem for kraftverket med oppstuving av vatn og unngå å legge tilhøva betre til rette for ørekyt. Det er gjort framlegg om følgjande tiltak:

- Forsiktig senking av elvebotnen der utløpet av kraftstasjonen møter Vallaråi, for å hindre at gyteplassar blir tørrlagde ved låg vassføring
- Elvekantane skal gjerast mindre rettlina. Dei bør brytast opp men skråningane bør vera like bratte som nå
- Det bør lagast 5 motstraums kilar av grove stein og blokk inn i den vestre elvekanten (mot prestegarden), ca 5 m lange og 2 m inn i elvekanten. Kilane skal kombinerast med neddykka bunar 3 – 5 m lange og 1 m breie, også dei av grov stein og blokk som blir fundamentert ned i elvebotnen. I fyrste omgang er det framlegg om 3 kilar
- Ei langsgående steinsetting ca 50 m lang og 2 – 3 m brei ute i elva frå bilverkstaden og oppover
- Tapping av overflatevatn i staden for botnvatn frå Sundsbarm

⁷ Heggenes, J., Bergan, F. og Lydersen, E. 2011. Fiksebiologiske undersøkelser i forbindelse med pålegg om fysiske utbedringer i Vallaråi, Seljord i Telemark. HiT skrift 4/2011, 52 s.

⁸ Heggenes, J., Bergan, F., Lydersen, E. og Sageie, J. 2012. Rehabilitering av elvehabitat i Vallaråi, Seljord i Telemark. Forslag til tiltak, 66 s.

Temperaturen i Vallaråi kan i følge ein rapport frå NVE⁹ falle momentant 10 – 12 grader når Sundsbarm kraftverk blir sett i gang etter ein stopp. Dette er negativt for både fisk og bading. Det bør derfor søkast løysingar som gjer at ein kan tappe frå overflatevatnet i staden for frå djupare lag.



Figur 3. Temperaturendringar i målt ved utløpet av Sundsbarm kraftverk. Frå NVE.

Tiltaksplanen må følgjast opp og iverksette tiltak må evaluerast i etterkant. Høve til pålegg om naturforvaltningstiltak (utsetting av fisk, biologiske undersøkingar med meir) må følgjast opp av ansvarlege styresmakter (Fylkesmannen og Miljødirektoratet).

4.8 Dalaneåi

Også i Dalaneåi med Sundkilen var det tidlegare oppgang av storaure, og det kan ennå vera att restar av den gamle storaurestamma. Det var elles oppgangen av sik som blei rekna som den største ressursen for eigedomane langs elva. Etter at Morgedalsvassdraget blei overført til Sundsbarm er tilsiget til Dalaneåi redusert med i gjennomsnitt meir enn 5 m³/s. Den fastsette minstevassføringa ved Mostøyl er 50 l/s frå 1.11. til 30.4. og 150 l/s frå 1.5. til 31.10. Tilskotet frå Morgedalsåi er høvesvis 50 l/s og 100 l/s. Samstundes er delar av ålaupet utsett for attgroing og problem med isgang.

Ein krev større minstevassføring i Dalaneåi kombinert med habitatforbetrande tiltak i ålaupet, etter plan. Planen må også ta omsyn til behov for flaumsikring.

Sundkilen og Ågapet er to av dei viktigaste viltområda i Kviteseid¹⁰ og har stor verdi for våtmarksfuglar under trekk, overvintring og hekking. Ei eng nedanfor Syftestad nær åa har den einaste kjende førekomsten av åkerbær i Telemark, i tillegg til rikeleg med marigras¹¹.

⁹ NVE 1993. Inngrep i vassdrag, konsekvenser og tiltak. NVE rapport 13/1993.

¹⁰ Buer, K. K. 2010. Viltet i Kviteseid kommune. Rapport til viltområdekart.

¹¹ Edvardsen, E. 2004. Naturtyper i Kviteseid kommune

Området er lagt inn i Naturbase som naturtype deltaområde Klokkarodden – Fikjan, BN 00077502¹².

4.9 Morgedalsåi

Ca 60 % av tilsiget til Morgedalsåi er overført til Nystølmagasinet. Fleire sidebekkar er tekne inn på overføringstunnelen og er tørrlagt utan minstevassføring. Vassdraget har store problem med attgroing, som gjer det vanskeleg for både bading, fiske og bruk av båt, og for å kome ned til vatnet generelt. Det er som resultat av skjønnen bygd 5 tersklar i hovudelva. Enkelte av tersklane kan vera vandringshinder for fisk. Skjønnen har i tillegg til bygging av tersklar bestemt at konsesjonæren kan påleggast oppreinskingstiltak i vassdraget. Ombygging av tersklar etter plan er utført i 2005 og godkjent av NVE¹³.

Restaurerende tiltak må gjennomførast i samsvar med ny plan.

Det er innført krav om minstevassføring 100 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren målt ved den nedste terskelen (Vassendterskelen). Vassføringa blir kontrollert manuelt ved at folk frå kraftverket med jamne mellomrom er nede og kikkar til målestaven og eventuelt slepper på litt vatn frå Nystølmagasinet dersom det renn for lite. Det betyr at vassføringa i store delar av året er bestemt av det tilsiget som kjem frå det uregulerte restfeltet, og at det bare er i tørre periodar det er aktuelt med slepp frå Nystølmagasinet. Det er heller ikkje tilfredsstillande at kontrollen med minstevassføringa skjer såpass tilfeldig som dagens praksis kan gje inntrykk av.

Minstevassføringskravet må gjelde frå dammen til Nystølmagasinet (i Hegnabekken) og slepp av minstevassføring må kontrollerast automatisk og kontinuerleg. Alle måledata skal vera offentleg tilgjengelege innan maksimum eit døgn etter registrering.

¹² K. M. Olsen, Biofokus 2009

¹³ Wraa, M. 2006. Terskler Morgedalsvassdraget. Rapport og dokumentasjon på utførte tiltak. Sundsbarm kraftverk.



Figur 4. Morgedalsåi ved Vassendterskelen 4.7.2013 (etter nedbør). Foto Helge Kiland.

4.11 Ofteåi

Minstevassføringa i Ofteåi er bestemt til 40 l/s målt heilt nede ved E 134. Det betyr at ein vesentleg av denne vassføringa er restvassføring og ikkje slepp frå Hovdevatn. Berekingar frå Faun Naturforvaltning viser at middelvassføringa frå restfeltet er 107,2 l/s og den alminnelege lågvassføringa er 13,7 l/s. Det betyr at det med dagens krav til minstevassføring i store delar av året er unødvendig med slepp av vatn frå Ljosdalsvatn. Ein er oppteken av problema med attgroing i Oftevatn, og vil ha vurdert effektive mottiltak.

Minstevassføringskravet må gjelde frå Hovdevatn og ikkje heilt nede i utløpet av elva (ved E 134). Ein vil ha vurdert effektive mottiltak mot den attgroinga vatnet er utsett for.

4.12 Seljordsvatn

Seljordsvatn blir regulert med ei klapppluke nede ved Hegna camping og skal syte for minstevassføring i Bøelva (4,5 m³/s) og behovet for vatn til Bø kraftverk. Klapppluka blei ombygd på 1980-talet. Vasstanden er fyrst og fremst regulert av utforminga på utlaupet, og luka blir sjeldan nytta. Høgaste terskel i klapppluka er 115,75 moh. Ved full opning ved denne vasstanden vil det bli slept ca 8 m³/s frå Seljordsvatn. Ved høgare vasstand vil klapppluka bety mindre for vassføringa ut av Seljordsvatn, og frå vasstandar over 116,70 moh vil verknaden av klapppluka vera minimal¹⁴. Etter at ny klapppluke blei installert synes det å vera ein tettare

¹⁴ Porcires, M. 2013. Vannstander i Seljordsvatnet. Faun Naturforvaltning, notat til Seljord kommune.

samanheng mellom vasstanden i Seljordsvatn rundt kote 116 og vassføringa på Hagadrag. I tørre somrar skal Seljordsvatnet etterfyllast frå Sundsbarm.

Reiselivsnæringa rundt vatnet opplever at vasstanden ofte blir for høg og at kommunikasjonen med regulanten Bø kraftverk er for dårleg. Vasstanden i Seljordsvatn er målt sidan 1884 og gjev eit godt grunnlag for å vurdere korleis vasstanden har endra seg. Ein gjennomgang av vassføringsdata viser at vasstanden om sommaren nå er lågare enn han var før Sundsbarmreguleringa. Men det viser seg også at vasstanden i gjennomsnitt har vore 20 cm høgare i juli og 30 cm høgare i august i åra 2000 – 2011 enn i åra 1970 – 1980. I juli og august 2011 var nedbøren opptil dobbelt så høg som normalt. Rapporten frå M. Porcires i Faun meiner at den høge vasstanden som er målt i 2009, 2010 og 2011 i stor grad skuldast dei store nedbørsmengdene desse åra.

Det må gjennomførast ei hydrologisk vurdering av situasjonen i Seljordsvatn, spesielt i høve til sommarvasstand og kjøring av Sundsbarm kraftverk. Det må om nødvendig etablerast eit manøvreringsreglement for vatnet og bruken av klappeluka.

4.13 Sundsbarm

Sundsbarm er senka 18,6 m til LRV på 574,20 og heva 19,4 m til HRV på 612,2 moh. I tida 1.11. – 1.5. skal ikkje forbruket av vatn pr veke¹⁵ gjennom kraftstasjonen vera meir enn 4,5 % av 420 mill m³. Auka effektkjøring i Sundsbarm kraftverk har skapt større problem for bruken av vatnet, for erosjon og for fisk. Hytteeigarar langs vatnet og grendefolk i Langlim meiner vatnet ikkje bør tappast ned til under kote 608 om sommaren.

I tida 15.6. – 1.9. skal Sundsbarm vera fylt til minst kote 608. Alternativt må alt tilsig etter 1. juni nyttast til å fylle opp vatnet inntil kote 608 er nådd.

4.14 Manndalsåi og Åmotsdalsåi/Flatdalsåi

Lausmassetersklar som blei bygd etter skjønnet er vaska vekk. Delar av elvefara er i ferd med å gro til. Det blir også uttrykt uro over at lausmassar som hopar seg opp på enkelte stader i Flatdalsåi kan auke risikoen for flaum.

Det må gjennomførast eit nytt vassdragstilsyn saman med NVE der nye terskeltiltak og behovet for oppreinsking i elvelaupet blir vurdert.

4.14 Kivleåi

Middelvassføringa i Kivleåi er på årsbasis rekna til ca 800 l/s. Ca 10 – 15 % av nedbørfeltet er overført til kraftverkstunnelen frå Sundsbarm. Vasskvaliteten i bekken er god. På dei nedste 500 metrane av bekken før utlaupet i Vallaråi er det gjort erosjonsførebyggande tiltak, og denne delen av bekken er i dag relativt steril for fisk. Det er ønskje om tiltak som kan gjera bekken meir attraktiv for fiske, mellom anna ved å lage høljar og kulpar, skape meir kantvegetasjon og meir parkmessige tilhøve i området nær bekken.

Det må gjennomførast biotopforbetrande tiltak i Kivleåi, etter plan.

¹⁵ Industridepartementet 14.9.1967

Vedlegg 1. Innkomne uttalar, innspel og merknader. Oppsummering.

I oppsettet nedanfor er dei innspela ein har fått i revisjonssaka kommentert.

MOTTEKNE INNSPEL	KOMMENTAR
1. Referat frå møte i Høydalsmo 13.2.2013	Oftevatn
Høgare minstevassføring i Ofteåi	Minstevassføringskravet er i dag 40 l/s målt nede ved E 134. Mykje av kravet er dekt gjennom naturleg restvassføring. Målepunktet bør derfor flyttast til utløpet av reguleringsmagasinet (Ljosdalsvatn)
Oftevatn gror att	Større vassføring gjennom Oftevatn kan redusere litt av problemet, men neppe stanse attgroingsprosessen. Høgare vasstand kan skape problem for næringsutvikling i Høydalsmo
Tryte har spreidd seg til Sundsbarm via overføringstunnelen frå Nystølvatnet	Krav om miljøfond/fiskefond som kan nyttast til tiltak mot tryte og anna fiskestell
Ørekyt har spreidd seg med settefisk frå Reinsvoll settefiskanlegg	Statkraft har fått undersøkt det genetiske opphavet til ørekyta i Tokke-Vinjevassdraget med Bandak. Ørekyta har minst 2 ulike genetiske opphav. Det kan ikkje påvisast nokon samheng med settefiskanlegget på Reinsvoll
Vilkåra for storaure i Sundkilen og i Dalåi	Sjå kommentar under punkt 2
Biotopforbetringstiltak i Dalåi	NVE må pålegge konsesjonæren tiltak i samsvar med plan tilsvarande den HiT laga for Vallaråi (sjå kommentar til punkt 8)
Høgare vassføring i Dalåi	Må sjåast i samheng med krav om høgare vassføring i Ofteåi og i Morgedalsåi
2. Referat frå møte i Morgedal 19.2.2013	Morgedalsåi
Missnøye med utforming av tersklar	Det blei laga ein plan for Morgedalsvassdraget som er følgd opp med endring av tersklar og enkelte mudringstiltak i 2005. Tiltaka er synfart og godkjent av NVE i 2006
Høgare minstevassføring	Minstevassføringskravet på 100 l/s om sommaren og 50 l/s om vinteren blir kontrollert ved den nedste terskelen (Vassendterskelen). Der er mykje av bidraget uregulert restvassføring. Flytting av målepunktet til dammen i Nystølmagasinet vil gje større vassføring

Mudring og andre tiltak mot attgroing	Etter at tiltak blei gjennomført i 2005 har attgroingsprosessen halde fram. NVE kan etter gjeldande konsesjon pålegge regulanten å bygge og vedlikehalde tersklar samt reinske opp i elveløpet
Ørekyt i Morgedalstjønni	Sjå kommentar under punkt 1
Problem med isgang og oppgrunning i Dalåi	Må sjåast i samanheng med pålegg om biotopforbetringstiltak (punkt 1)
Dokumentasjon omkring storaure i Dalåi	I regulerings skjønnet synes det å vera lagt mest vekt på haustfisket etter sik. Kviteseid jeger og fisk vil samle opplysningar om tidlegare observasjonar/fangst av storaure i Sundkilen/Dalåi
3. Referat frå møte i Seljord 20.2.2013	Sundsborn
Problem med å få sett ut båt. Utvasking og erosjon i reguleringssona gjer det vanskeleg å kome ned til LRV med biltilhengar og båt Skinner med tralle har fungert dårleg og er fjerna	Det bør lagast veg med dekke av betong ned til lågaste reguleringsvasstand (LRV) både på Sanden og ved dammen i nordenden. Desse må vera opne for ålmenta for å kunne reknast som ei ålmenn interesse som er relevant for revisjonssaka
Erosjon og rydding langs Millionvegen. Vedlikehald på andre vegar	Vegen blei bygd som konsesjonsveg men er privat. Vedlikehaldet på alle vegane er overført til dei som eig vegene. Sundsbarm kraftverk betalar for sin bruk. Kravet blir derfor vurdert som eit privatrettsleg krav
Høgare og meir stabil vasstand om sommaren. Sundsbarm er regulert 38 m. Dei siste 10 – 20 åra har vasstanden variert meir på grunn av større innslag av effektkjøring i Sundsbarm kraftverk	Det kan stillast krav om at magasinet skal vera fylt til ei viss kotehøgde innan ein viss dato, alternativt at alt tilsig etter ein viss dato skal gå til oppfylling av magasinet. Kravet må sjåast i samanheng med vilkåra i Vallaråi og Seljordsvatn
Røyebestanden har gått tilbake. Behov for tiltak mot tryte	Korleis fisket blir forvalta er eit privat ansvar. Det blir kravd eit miljøfond der ein kan søke om tilskot til tiltak
4. Referat frå møte i Langlim 28.2.2013	Sundsborn
Magasinet må vera oppfylt til minst kote 607 om sommaren	Sjå kommentar til punkt 5
Skjer og grunnar må merkast så dei ikkje utgjer nokon fare for båttrafikken	Det er ikkje noko bestemt båtlei i Sundsbarm, og ein finn det derfor vanskeleg å pålegge konsesjonæren noko ansvar for merking. Det bør derimot lagast eit djubdekart som viser kvar grunnane finst.
Vatnet må ryddast for rekved og røter som har losna frå reguleringssona	Det blir kravd at konsesjonæren med jamne mellomrom/etter behov må ta opp rekved og røter og hogge det opp til flis
Lausmassetersklar i Manndalsåi og Åmotsdalsåi har blitt vaska vekk	NVE må gjera ei synfaring og eventuelt kome med pålegg om tiltak

Elveløp gror att	Konsesjonæren er i konsesjonen pålagt å halde vassvegane opne i tilfelle flaum
5. Hytteeigarar i Søndre Sundsbarm, ved Åge Halvorsen 14.3.2013	Sundsbarm
Krav om meir høgare og meir stabil vasstand i Sundsbarm, minst til kote 608 om sommaren av omsyn til friluftsliv, synsintrykk og bruk av båt	I nye konsesjonsvilkår kan det innførast krav til manøvrering av magasinet. HRV og LRV kan ikkje endrast. Eit krav om fylling til kote 608 til ein viss dato (streng restriksjon) eller disponering av tilsig etter ein viss dato (mjuk restriksjon) vil ha betydelege økonomiske konsekvensar, men bør vurderast
Båtsporkart (draft)	Sjå kommentar til punkt 4
Rydding av tre og røtar	Sjå kommentar til punkt 4
6. Reiselivsbedrifter langs Seljordsvatn ved Sigmund Telnes 16.3.2013	Seljordsvatn
For høg vasstand i Seljordsvatn om sommaren. Krav om at klappluka blir senka. Vasstanden i Seljordsvatn blir i fyrste rekke bestemt av tappinga frå Sundsbarm og den naturlege profilen i utløpet av vatnet. Bø kraftverk har konsesjon frå 1944 til å tappe Seljordsvatn ca 0,5 m under normalvasstand, og det er sett inn ei klappluke som blei ombygd på 1980-talet. Det er i tillegg avtale om minstevassføring i Bøelva på 4,5 m ³ /s. Målingar sidan 1884 viser at sommarvasstanden er i gjennomsnitt lågare etter Sundsbarmreguleringa enn før, men at vasstanden på 2000- talet har vore 20 cm høgare i juli og 30 cm høgare i august enn på 1970- og 80- talet.	Vasstanden i Seljordsvatn gjeld også offentlege friluftsområde og badestrender. Ein har rekna med at luka betyr mindre når vasstanden er høg. Det må gjennomførast ei hydrologisk vurdering av situasjonen i Seljordsvatn, spesielt i høve til sommarvasstand og kjøring av Sundsbarm kraftverk. Det bør etablerast eit manøvreringsreglement for vatnet og bruken av klappeluka
7. Grunneigarar Åmotsdølsliene/Skarbu Bjåen, ved Petter F. Ringvold 5.3.2013	Vegen til Sandsetvatnet
Krav om at Sundsbarm kraftverk tek på seg ansvar for opprusting/reparering av Sandsetvegen	Dette er eit privatrettsleg krav som ikkje høyrer inn under ein vilkårsrevisjon
8. Seljordsvatnet grunneigarlag ved Harald Hansen (telefon til Helge Kiland, Faun 28.2.2013)	Seljordsvatn
Kritisk til tiltak utført i Vallaråi. Bekymring for storaurestamma i Seljordsvatn	NVE har gitt Sundsbarm kraftverk pålegg om tiltak, og Høgskulen i Telemark har på oppdrag frå Sundsbarm kraftverk utført fiskebiologiske undersøkingar og laga tiltaksplan. Planen er følgd opp med tiltak i elva 2012/2013

	<p>Tiltaka og verknaden av dei må evaluerast i etterkant, mellom anna med tanke på behovet for fleire tiltak.</p> <p>I tillegg til Sundsbarm kraftverk har også Statens vegvesen eit betydeleg ansvar for situasjonen i elva</p>
9. Seljordsvatnet grunneigarlag ved Olaf Strand, 21.3.2013	Vallaråi
Slepp av kaldt vatn frå Sundsbarm reduserer veksten til fisken og påverkar bestanden av storaure	Brå temperatursenking i samband med tapping av kaldt botnvatn frå Sundsbarm kan vera ei utfordring for livet i elva sommarstid. Dette er eit generelt problem for mange reguleringsmagasin og kan krevje nye tekniske løysingar
Krav om miljøfond til tynningsfiske og andre fisketiltak	Viser til kommentar under punkt 1. I revisjonssaka for Vinstra er det gitt midlar til eit fiske og friluftslivsfond som blir forvalta av kommunane
Skagerak Energi har aldri utført fiskeforbetrande tiltak i Vallaråi på friviljug basis. I staden har prosessen heller vore trenert. Tiltak er derfor avhengig av pålegg	Det har vore arbeid med tiltaksplan for Vallaråi sidan 2005. Sjå elles kommentar under punkt 8
10. Søndre Sundsbarm fiskelag ved Arvid Vala, e-post 8.3.2013	Sundsbarm
Etterlyser betre kontroll med minstevassføring i Kivleåi	10 – 15 % av nedbørfeltet til Kivleåi er overført til Sundsbarm. Sundsbarm har ikkje noko naturleg utløp til bekken, og det er ikkje krav om minstevassføring. I staden for minstevassføring bør ein heller vurdere habitatforbetrande tiltak i dei nedste 500 m av bekken.
Ønskjer betre avløp frå Seljordsvatn under flaum	Sjå kommentar under punkt 6.
11. Kviteseid Jeger og Fisk 18.4.2013	Dalaåi
Ønskjer folkemøte i Kviteseid	
Vil ha undersøkt fisken i Dalaåi, spesielt om der er noko storaurestamme, bekkeniauge og av biologisk mangfald i elva generelt	Fylkesmannen kan også etter gjeldande reglement gje pålegg om fiskeundersøkingar. Det bør undersøkast om der finst opplysningar om auren i Dalaåi frå før reguleringa. Det bør krevjast ein plan for fysiske tiltak (habitatforbetring) i Dalaåi. I den samanhengen bør det også gjerast fiskeundersøkingar
12. Kviteseid Turlag, 2.5.2013	

Ønskjer folkemøte i Kviteseid, med fokus på Dalaneåi, Ågapet og Sundkilen	
Krev større minstevassføring, kombinert med tidvise spyleflaumar. Utforminga av tersklane må vurderast på ny og tilpassast ei større minstevassføring	Det er tidlegare kravd flytting av målepunkta for minstevassføring i Ofteåi og i Morgedalsåi til dammen for Nystølmagasinet. Me må få vurdert kor mykje dette vil bidra med i auka minstevassføring i Morgedalsåi/Dalaneåi, og om det er aktuelt å krevje auka vassføring utover dette.
13. Trivselslaget Morgedal Vel v/form. Kåre Nordskog, 11.8.2013	Morgedalsåi
Etterlyser betre oppfølging og etterleving av dei konsesjonsreglane og skjønnsavgjerdene som alt eksisterer, særleg med omsyn til attgroing og pålegg om reinsking.	Viser til behovet for ei samla vurdering av tilstanden, med framlegg til tiltak
Reagerer på at høgda på målesterskelen er redusert, og at vasspegelen på den måten har blitt lågare.	Viser til behovet for ei samla vurdering av tilstanden, med framlegg til tiltak
Reagerer på at tilsiget frå uregulert restareal skal reknast med i den minstevassføringa som blir registrert og at målesterskelen er plassert av NVE åleine.	I Sundsbarmreguleringa blei reglar for slepp av minstevassføring overlate til eit vassdragsskjønn. Ålmenta har ikkje vore nokon part i desse skjønna.
14. Høye Øverland, Åmotstølliene gnr/bnr 142/3 og Skarbu-Bjåen, gnr/bnr 143/1	Vegen til Sandsetvatnet
Skjønnnet avgjorde ikkje bruk og vedlikehald av veggen, noko som har påført grunneigarane store ulemper. Meiner det må skiljast mellom den nedre delen av veggen, som gjeng over Skuldalen og den øvre, som ligg innanfor landskapsvernområdet. Ønskjer ikkje å vera med i felles veglag, men meiner SK må ta del i årleg vedlikehald på både og øvre og nedre del av veggen.	Det er grunneigarane som eig veggen og det er heller ikkje ønskje om å opne veggen for ålmenta. Kravet om opprusting og vedlikehald må derfor sjåast som eit privatrettsleg krav som ikkje høyrer inn under revisjonssaka.
Etter oppdemminga av Sandsetvatnet blei det lagt ein del treklopper i myrane langs vestsida av vatnet, sidan den gamle gangvegen stort sett gjekk over tørre område. Mange av kloppene har rotne og bør fornyast og forlengast	Dette kan vurderast som ein kompensasjon for at reguleringa har øydelagt gamle stigar og ferdsevsvegar og er av ålmann interesse for friluftslivet. Bør derfor vera med i revisjonssaka.

Vedlegg 2. Konesjon for Sundsbarm kraftverk

KDB 907 /

NVE	001691
V	1963

TILLATELSE

FOR

SUNDSBARM KRAFTVERK

TIL Å FORETA REGULERING OG OVERFØRING I FLATDALSVASSDRAGET, MORGEDALSVASSDRAGET OG DALAÅI (OFTEVASSDRAGET) I TELEMAR FYLKE

(MEDDELT VED KONGELIG RESOLUSJON 5. JULI 1963.)

Ved kongelig resolusjon 5. juli 1963 er bestemt:

1. I medhold av lov om vassdragsreguleringer av 14. desember 1917 tillates Sundsbarm Kraftverk å foreta regulering og overføring i Flatdalsvassdraget, Morgedalsvassdraget og Dalaåi (Oftevassdraget) i Telemark på de vilkår og under de forutsetninger som er tatt inn i Industridepartementets tilråding av 5. juli 1963.
2. Det fastsettes manøvreringsreglement i samsvar med utkast inntatt i samme tilråding, som gjeldende inntil videre.
3. I medhold av lov om vassdragene av 15. mars 1940 § 62 tillates Sundsbarm Kraftverk å ekspropriere det som trengs av grunn og rettigheter for utbygging av kraftverket, herunder rett til kanalisering av Vallaråi mellom utløp fra kraftstasjon og Seljordsvatn i det vesentlige i samsvar med søknad av 12. mai 1962 med vedlegg, jfr. kraftverkets brev av 2. august 1962.
4. I medhold av vassdragslovens § 148 tillates Sundsbarm Kraftverk å ekspropriere de nødvendige fallrettigheter i Mandøla og i Flatdalsvassdraget nedenfor samløpet med Mandøla i det vesentlige i samsvar med søknad av 18. mai 1962 og på det vilkår som er tatt inn i Industridepartementets ovennevnte tilråding.»

Betingelser

for tillatelse for Sundsbarm Kraftverk til reguleringer og overføringer i Flatdalvassdraget, Morgedalsvassdraget og Dalaåi.
(Fastsatt ved kgl. resolusjon 5. juli 1903.)

1.

Konsesjonen gis på ubegrenset tid. Konsesjonsvilkårene kan tas opp til alminnelig revisjon etter 50 år.

Dersom vassfall, som ikke tilhører staten eller norske kommuner, deltar i reguleringen og overføringen eller blir medeiere i anleggene gjelder konsesjonen for disses vedkommende i 60 år fra konsesjonens datum. Ved konsesjonstidens utløp har staten rett til å kreve avstått disse vassfalleiers andeler i anleggene uten vederlag.

Konsesjonen kan ikke overdras.

De utførte regulerings- og overføringsanlegg eller andeler deri kan ikke avhendes, pantsettes eller gjøres til gjenstand for arrest eller utlegg uten i forbindelse med vassfall nedenfor anleggene.

Anleggene må ikke nedlegges uten statsmyndighetenes samtykke.

2.

I det 40. år etter at konsesjonen er gitt, skal staten kunne innløse de andeler i regulerings- og overføringsanleggene som måtte tilhøre eiere for hvem tillatelsen er tidsbegrenset. Benytter staten seg ikke herav, skal den i det 10. år deretter ha samme adgang. Bestemmelsen om innløsning må være meldt anleggenes eier 5 år i forveien. Innløsningssummen blir å beregne under hensyn til at grunnstykker og rettigheter samt vannbygningsarbeider og hus har en verdi svarende til hva de bevislig har kostet ved ervervelsen med fradrag for amortisasjon etter en amortisasjonstid av 60 år. For annet tilbehør beregnes den tekniske verdi etter skjønn på statens bekostning.

Anleggene skal ved innløsningen være i fullt driftsmessig stand. Hvorvidt så er tilfelle, avgjøres i tilfelle av tvist ved skjønn av uvillige menn på statens bekostning.

Anleggenes eier plikter på sin bekostning å utføre hva skjønnet i så henseende måtte bestemme.

3.

For den økning av vasskraften som ved reguleringen og overføringen tilflyter eiere av vassfall eller bruk i vassdraget, skal disse erlegge følgende årlige avgifter:

Til staten kr. 1.— pr. nat.-hk.

Til de fylkes-, herreds- og bykommuner som Kongen bestemmer kr. 4.— pr. nat.-hk., hvorav $\frac{1}{8}$ blir å avsette til det i post 4 fastsatte næringsfond.

Etter 20 år kan fastsettelsen av avgiften tas opp til ny prøvelse.

Økingen av vasskraften for Sundsbarm Kraftverk beregnes på grunnlag av den øking av lavvassføringen som reguleringen og overføringen antas å ville medføre utover den vassføring som har kunnet påregnes ved utløpet av Sundsbarmvatn år om annet i 350 dager av året, og for fallene nedenfor Seljordvatn på grunnlag av vassføringsøkningen utover den vassføring som har kunnet påregnes år om annet med den tidligere bestående regulering. Ved beregningen av denne øking forutsettes det at magasinene utnyttes på en sådan måte at vassføringen i lavvannsperioden blir så jevn som mulig. Hva der i hvert enkelt tilfelle skal anses som den ved reguleringen og overføringen innvunne øking av vasskraften avgjøres med bindende virkning av departementet.

Plikten til å erlegge de ovenfor omhandlede avgifter inntreffer etter hvert som den ved reguleringen og overføringen innvunne vasskraft tas i bruk.

Avgiftene har samme pantsikkerhet som skatter på fast eiendom og kan inndrives på samme måte som disse. Etter forfall svares 6 pst. årlig rente.

4.

Av de i post 3 fastsatte konsesjonsavgifter til kommuner avsettes hvert år $\frac{1}{8}$ til et fond til utbygging av næringslivet i de berørte kommuner. Av fondet skal Kviteseid kommune disponere halvparten. Den andre halvparten

fordelles etter Industridepartementets nærmere bestemmelse.

Vedtekter for fondet skal være undergitt Industridepartementets godkjenning.

5.

Nærmere bestemmelser om betalingen av avgifter etter post 3 og kontroll med vassforbruket samt angående avgivelse av kraft, jfr. post 20, skal med bindende virkning for hvert enkelt tilfelle fastsettes av vedkommende departement.

6.

Arbeidet må påbegynnes innen en frist av 2 år etter at konsesjon er gitt og fullføres innen en ytterligere frist av 5 år.

I fristen medregnes ikke den tid som på grunn av overordentlige tildragelser (vis major) streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

For hver dag fristen, uten tillatelse meddelt av departementet, måtte oversittes, erlegger konsesjonæren en løpende mulkt til statskassen av kr. 500.

7.

